

# Møteprotokoll

**Utval:** Ålfotbreen verneområdestyre  
**Møtestad:** Hjortegarden, Ålfoten  
**Dato:** 18.02.2019  
**Tidspunkt:** 10:00 – 12:00

## Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hege Lothe	Leder	
Marius Strømmen	Nestleiar	
Gunn Karin Sande	Medlem	
Jan Henrik Nygård	Medlem	

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 1/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/2019	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 1/2019	Ålfotbreen verneområdestyre – Orienteringssaker styremøte 1/2019		2019/2582
ST 3 /2019	Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2019		2019/4056
ST 4/2019	Ålfotbreen verneområdestyre – Møteplan for 2019		2019/2582
ST 5/2019	Ålfotbreen verneområdestyre – Rådgevande utval		
ST 6/2019	Eventuelt		

## **ST 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 18.02.2019**

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **Vedtak**

Det har kome eit tillegg til saklista:

*ST 5/2019 - Rullering av Rådgjevande utval*

Innkalling og sakliste vart godkjent med det tillegget

## **ST 2/19 Signering av protokoll frå førre møte**

**Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 18.02.2019**

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte 2/2018 vert godkjent og signert

### **Vedtak**

Protokoll frå styremøte 2/2018 vart godkjent og signert

# RS 1/19 Ålfotbreen verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 1/2019

Arkivsaksnr: 2019/2582-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.02.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	RS 1/2019	18.02.2019

## Ålfotbreen verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 1/2019

- **Fylkesmannen i Vestland**

Frå årskiftet vart Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland slege saman til Fylkesmannen i Vestland.

Det nye fylkesmannsembetet har over 250 tilsette fordelt på kontorstarar i Bergen, Førde, Leikanger og forvaltarkontor på Sandane, Gaupne, Aurland og Rosendal.

Verneområdeforvaltninga ligg under Miljøavdelinga med avdelingsdirektør i Bergen, og vidare i Naturmangfaldseksjonen som har seksjonssjef på Leikanger.

I det daglege vert det lite praktiske endringar, verken for forvaltarane eller verneområdestyra. Men vi er ein del av ein større organisasjon med meir folk og litt nye rutinar.

- **Driftsmidlar til styret**

Styret har fått 90.000 i driftsmidlar for 2019. Då har vi ei bra romsleg ramme for den normale drifta med styremøte og synfaringar lokalt. Det er ikkje lagt inn midlar til konferansar e.l. sidan det er siste funksjonsåret for det sittande styret.

- **Status på besøksstrategi**

Endeleg utkast til besøksstrategi vart sendt til Miljødirektoratet i midten av januar, og er bekrefta motteken der.

- **Studentarbeid med geoturisme**

Styret gav forvaltar i oppdrag å jobbe med dette i 2018. Tanken er å bygge vidare på det samarbeidet og den kontakten vi har hatt med høgskulen i Sogndal.

Høgskulen har starta ei ny bachelorutdanning; *Natur- og opplevelsesbasert reiseliv*. Til hausten skal dei mellom anna ha emner som *Utvikling og drift av reiselivsverksemd* og *Opplevelsesproduksjon*. I dei emna vil Ålfotbreen LVO og området rundt passe som case. Tanken er at dette vil skape eit "vinn-vinn" samarbeid både for høgskulen og for verneområdeforvaltninga. Og at det igjen kan overførast til reiselivsverksemd eller kommunar.

- **NVE helikopterløyve i Skjerdalen.**

Norges vassdrags- og energidirektorat har fått løyve til å lande med helikopter ved målestasjon i Skjerdalen. Løyvet er gjeve med delegert mynde.

# ST 3/19 Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2019

Arkivsaksnr: 2019/4056-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.02.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	ST 3/2019	18.02.2019

## Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2019

### Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 18.02.2019

#### Vedtak

Ålfotbreen verneområdestyre har fått 600.000 i tiltaksmidler for 2019.

Desse vart fordelt og prioritert slik:

Pri	Tiltak	Fordeling
1	Bytte ut stige ved Blåbrebu	25 000
2	Bru ved Støylsvatnet	40 000
3	Hope-Lavesteinen	200 000
4	Skilt	0
5	Sti i Førdedalen	0
	Sum	265 000
	Rest	335 000
	Tildeling	600 000

- Verneområdeforvaltaren gjer dei naudsynete avtalar og avklaringar og går i gang med tiltak 1, 2 og 3 i lista nedanfor innanfor dei oppsette rammene, so fort det vert tilhøve til å starte.
- Tiltak 4:  
Verneområdestyret ynskjer å sette opp informasjonsskilt på ferjekaiene på Stårheim og Lote, og eventuelt i Columbusparken i Hyen.  
Verneområdeforvaltaren skal hente inn prisar og gå i dialog med dei som eig grunnen på desse stadene.  
Dette vert so teke opp att og presentert på styremøte 2/2019

- Tiltak 5:  
Verneområdeforvaltar og naturoppsyn skal gjennomføre synfaring i Førdedalen saman med grunneigarane, so snart tilhøva ligg til rette for det.  
Etter den synfaringa skal det lagast ein tiltaksplan med tanke på gjennomføring i 2019 (dersom det er midlar til det) og 2020.  
Planen skal presenterast for styret på styremøte 2/2019

## Saksutgreiing

### Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidlar for Ålfotbreen 2019
- Tildeling av tiltaksmidlar for Ålfotbreen 2019
- Framlegg til besøksstrategi for Ålfotbreen

### Saksopplysningar

Verneområdestyret søker kvart år om tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Styret sette hausten 2018 opp ei liste med seks tiltak, med ein samla estimert kostnad på 715.000.

Miljødirektoratet har handsama søknaden, og kome med tildelinga si (sjå vedlegg):

- Tiltak nr 3, *Grusing av skogsveg i Hope*, er ikkje prioritert då tiltaket ikkje er forankra i forvaltnings- eller skjøtselsplan
- Til dei resterande fem tiltaka har verneområdestyret fått tildelt ein «pott» på 600.000 til fordeling på tiltaka.

### Handsaming i møte

Ålfotbreen verneområdestyre må ta stilling til korleis tiltaksmidlane skal fordelast:

- Kva tiltak skal gjennomførast? Er det tildelte midlane nok til å gjennomføre alle tiltaka på lista?
- Kor mykje tiltaksmidlar skal settast av til dei ulike tiltaka?
- Skal nokon tiltak prioriterast før andre?

Verneområdestyret kan og kome med føringar til forvaltar og eventuelt tenesteleverandørar gjeldande gjennomføring av tiltaka, eventuell omprioritering av midlar undervegs i året, rapportering til styret og so bortetter.

## ST 4/19 Ålfotbreen verneområdestyre - møteplan for 2019

Arkivsaksnr: 2019/2582-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 11.02.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	ST 4/2019	18.02.2019

## Ålfotbreen verneområdestyre - møteplan for 2019

### Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 18.02.2019

#### Vedtak

Møteplan for 2019 vert slik:

Styremøte 2/2019, kombinert med synfaring i felt: 24. mai

Styremøte 3/2019 i Gloppen: 17. september

Styremøte 4/2019 i Flora: 11. november

Møte byrjar i utgangspunktet kl. 10.00

#### Saksopplysningar

- I vedtektene til Ålfotbreen verneområdestyre står det at styret skal ha minst fire styremøte kvart år.
- I bestilling av driftsmidlar for 2019, er det budsjettert med fire fysiske møter.
- Ålfotbreen verneområdestyre har fått 90.000 i driftsmidlar for 2019. Det er om lag dekkande for dei fire budsjetterte møta.
- Verneområdestyret har som tradisjon å rullere på lokaliseringa for styremøte, mellom dei tre kommunane.

Forvaltaren har gått gjennom møteplanane til alle kommunane og til fylkeskommunen, og markert ut dei dagane kor det er sett opp kommunestyremøte, fylkesting og møter i relevante utval med meir.

Basert på dette har forvaltar sett opp ein del aktuelle datoar for styremøta som er sendt ut med planleggingsverktøyet «Doodle». Alle i styret har kome med tilbakemeldingar gjennom det verktøyet.



## **Handsaming i møtet**

Styret må velje datoar for styremøta ut året (styremøte 2/2019, 3/2019 og 4/2019).

### Styremøte 2/2019 (Synfaring i felt):

Alternativ: 23. mai, 24. mai, 27. mai, 29. mai, 31. mai og 1. juni

### Styremøte 3/2019 (Gloppen?):

Alternativ: 16. sept. og 17. sept.

### Styremøte 4/2019 (Flora?):

Alternativ: 11. nov. 12. nov, 20. nov, 21. nov, 25. no og 27. nov.

# ST 5/19 Ålfotbreen verneområdestyre - Rådgjevande utval

## Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 18.02.2019

### Vedtak

- Dei tre lokale turlaga har takka ja, og får plass i Rådgjevande utval i staden for den eine representanten til Sogn og Fjordane turlag.
- Verneområdeforvaltaren held kontakten med Naturvernforbundet, folkehøgskulen og destinasjonsselskapa, og får avklara deira interesse av å sitte i utvalet
- SFE og Svelgen Kraft har plass i utvalet som før.
- Leidulv Solvang får tilbod om å halde fram som grunneigarrepresentant frå Flora
- Førde grunneigarlag vert bedne om å finne ein representant til utvalet, som kan representere grunneigarane i Bremanger.
- Hope grunneigarlag vert bedne om å finne ein representant til utvalet, som kan representere grunneigarane i Gloppen.

Endeleg framlegg til nytt Rådgjevande utval skal leggst fram for styret på styremøte 3/2019, slik at det er på plass til møtet på hausten.

### Bakgrunn og saksopplysningar

I styremøte 2/2018 evaluerte Ålfotbreen verneområdestyre Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde. Det vart gjort vedtak om at saka skulle opp att på første styremøte i 2019.

Det som har skjedd sidan sist møte:

- Keipen turlag, Flora turlag og Midtre Nordfjord turlag har alle meldt tilbake at dei er positive til å vere med i Rådgjevande utval for Ålfotbreen LVO. Keipen og Flora har oppnemnt representant.
- Forvaltar har vore i kontakt med Naturvernforbundet som verkar positive, men dei har ikkje bekrefta vidare deltaking.
- Forvaltar har ikkje fått tilbakemelding frå destinasjonsselskapa og folkehøgskulen.
- Forvaltar har enno ikkje vore i kontakt med grunneigarane eller grunneigarorganisasjonane.

Vi har ikkje hastverk med å få på plass og oppnemne nytt Rådgjevande utval. Utvalet har vanlegvis møte på hausten i oktober/november. Vi har derfor bra med tid fram mot det før nytt utval må vere på plass.

### Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar:

Forvaltar jobbar vidare opp mot destinasjonsselskap, folkehøgskulen og grunneigarinteressene, får oversikt over kor vidt dei vil vere med i utvalet, og eventuelt kven som skal representere.

Forvaltar skal ha klar eit framlegg til nytt Rådgjevande utval på styremøte 2/2019, slik at det nye utvalet er klart til møtet hausten 2019.

## **ST 6/19 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 18.02.2019**

#### **Vedtak**

- Kaia i Mettenes

Forvaltar sjekkar status på byggearbeidet her og om kaia er ferdig.  
Forvaltninga bør vurdere å få tinglyst avtale om ålmenta sin tilgong  
Markere ei eventuell opning av kaia.

- Rune Holen orienterte om siste nytt frå Statens naturoppsyn